

Prop. 151 S

(2012–2013)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Pensjonar frå statskassa

*Tilråding frå Arbeidsdepartementet 7. mai 2013,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

I samsvar med Grunnlova § 75 bokstav i, legg departementet med dette fram for Stortinget ei liste over dei pensjonane som gjeld mellombels, og som ikkje blei reviderte av det førre Stortinget.

I 2012 blei det løyvd kr 19.100.000 på kapittel 611 Pensjoner av statskassen. Det ligg ikkje føre eksakte tal for dei samla utgiftene til pensjon frå statskassa i 2012. Det skuldast at delar av utgiftene er knytte til tillegg i tenestetida til ein ordinar tenestepensjon frå Statens pensjonskasse. Desse utgiftene blir gjennom året mellombels bokførte på kapittel 612 Tilskudd til Statens pensjonskasse. På slutten av året skjer det ei ompostering frå kapittel 612 til kapittel 611 i sakene som gjeld pensjon av statskassa. Statens pensjonskasse har førebels ikkje fått på plass ei tilfredsstillande løysing for slik ompostering i dei nye IKT-systema, men dette vil skje i løpet av året. Ei førebels og forenkla ompostering tilseier at utgiftene til pensjon frå statskassa i 2012 er om lag kr 18.200.000. Departementet vil legge fram nøyaktig tal for dei samla utgiftene til pensjon frå statskassa i 2012 i proposisjonen for 2014.

I statsbudsjettet for 2013 er det løyvt kr 18.800.000 på kapittel 611, post 01, Pensjoner av statskassen.

2 Omtale av ordninga

Pensjon frå statskassa er ikkje ei pensjonsordning i vanleg forstand med krav til oppteningstid gjennom medlemskap. Det er ei særordning som gjev Stortinget høve til, ut frå ei vurdering av om det er rimeleg, å gje ei pensjonsytning til personar som ikkje har kunna tene opp pensjonsrettar på vanleg måte. Pensjonen byggjer ikkje på rettskrav, lov eller forskrift, og blir gjerne omtala som gåvепensjon ("billighetspensjon"). Departementet gjorde i Prop. 136 S (2011-2012) greie for kven som kan få pensjon frå statskassa.

Proposisjonen no gjeld berre lokalt tilsette ved norske utanriksstasjonar. Dei er i hovudsak borgarar i landet der dei arbeider. Nokre av dei lokalt tilsette er norske borgarar, og nokre av desse har òg vanleg medlemskap i Statens pensjonskasse frå 1. januar 1996 gjennom å ha medlemskap i norsk folketrygd. For tida før 1. januar 1996 blir pensjon av statskassa gjeve som tillegg til den pensjonsgjevande tenestetida. I vedlegget blir denne tida omtala som tilleggstid. Beløpet for desse personane er oppgitt som ein bruttopensjon. Pensjonen skal samordnast med pensjonen frå folketrygda, og pensjonen som blir betalt ut blir difor mindre.

Lokalt tilsette ved norske utanriksstasjonar skal som ein hovudregel sikrast gjennom lokale trygde- og forsikringsordningar. Dette er òg teke inn i utanriksinstruksen: "lønns- og arbeidsbetingelser skal nedfelles i en arbeidskontrakt som skal være i samsvar med tjenestelandets lover og regler. Lokalt

ansatte skal sikres gjennom adekvate lokale trygde- og forsikringsordninger.”

Utanriksstasjonane skal sjølve syte for at det blir oppretta lokale trygde- og forsikringsordningar, og dei aller fleste er i dag omfatta av slike lokale ordningar. Unnataksvis kan det likevel hende at det ikkje finst lokale ordningar, eller at dei aktuelle ordningane ikkje sikrar dei tilsette tilstreккеleg. I ein slik situasjon kan utanriksstasjonen søkje om pensjon frå statskassa. Sjølv om pensjonsrettane til dei lokalt tilsette er tekne inn i arbeidskontrakten etter utanriksinstruksen, kan tilhøve i tenestelandet, til dømes politisk uro, høg inflasjon og stor uvisse med omsyn til bank- og forsikringsordningar, føre til at vedkomande ikkje får den ytinga han eller ho har opparbeidd seg rett til ved alderdom, uførleik eller tap av forsørgjar.

Utanriksdepartementet har i den seinare tida lagt stor vekt på å syte for at stasjonane følgjer opp instruksen så langt råd er, og sikre at dei lokalt tilsette ved utanriksstasjonane er med i lokale ordningar. Dette blir gjort gjennom kurs og opplæring av ansvarlege medarbeidarar, og ved pålegg til alle stasjonane om å følgje opp. Samstundes blir

det gjort klart at pensjon frå statskassa berre kan bli gjeve i særskilde høve der lokale ordningar ikkje finst eller ikkje sikrar dei tilsette godt nok. Utanriksdepartementet arbeider for tida med ei brei kartlegging av arbeidsvilkåra til lokalt tilsette, inkludert pensjonsordningar.

Eventuell yting frå lokal pensjonsordning skal kome til frådrag i pensjonen frå statskassa. Lokale ytingar som blir utbetalte månadleg, blir i hovudsak samordna som pensjonar frå norsk offentlig tenestepensjonsordning. I staden for månadlege utbetalningar er det i nokre land vanleg at pensjonen blir betalt ut som eit eingongsbeløp på pensjoningstidspunktet. Slike ytingar kjem til frådrag i pensjonen frå statskassa ved at tidspunktet for utbetaling av den norske pensjonen blir utsett.

Arbeidsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om pensjonar frå statskassa.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om pensjonar frå statskassa i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til vedtak om pensjonar frå statskassa

I

Opplysningar om søkjaren						Pensjon	
Nr.	Namn	Alder ved avskjeden (for etterlatne, noverande alder)	Tenestestad	Vedteke	Pr. mnd	Gitt frå	Merknad
<i>Utanriksdepartementet</i>							
1	Elena Gontsjarova	50	Murmansk	13.2.2012	917	1.1.2012	
2	Oscar Hugo Hoyos	65	Bern	28.3.2012	2979	1.1.2012	
3	Svetlana Karpusjina	65	Moskva	26.4.2012	2127	1.6.2012	
4	Liv Gudvor Aure Olli	67	Helsingfors	29.5.2012	6135	1.8.2010	Tilleggstid
5	Rita Anja Methi Huste	60	Houston	9.7.2012	4664	1.4.2012	Tilleggstid
6	Subrimaniam Subrimaniam	72	Kuala Lumpur	27.7.2012	1719	1.9.2012	
7	Hassan Emara	65	Kairo	15.8.2012	2742	1.10.2012	
8	Benjamin Agunos	65	Abu Dhabi	9.11.2012	3762	1.9.2013	
9	Sonja Mcleod	60	Harare	9.11.2012	7798	1.8.2012	Tilleggstid
10	Neeta Sharma	60	New Delhi	9.1.2013	3819	1.1.2015	
11	Julie Bhushan	57	New Delhi	9.1.2013	5558	1.7.2015	
12	Nasreen Hossain	57	Dhaka	11.1.2013	4065	1.4.2014	
13	Michael Lees	57	Dhaka	14.1.2013	2459	1.8.2013	
14	Vasant Buranactucanont	67	Bangkok	12.3.2013	1558	1.1.2013	
15	Karin Figenschow Biancarelli	70	Paris	25.3.2013	3222	1.1.2013	Tilleggstid

